

KOMMISJONSDIREKTIV 1999/9/EF**av 26. februar 1999****om endring av direktiv 97/17/EF om gjennomføringsreglar for rådsdirektiv 92/75/EØF med omsyn til energimerking av hushaldsoppvaskmaskiner(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 92/75/EØF av 22. september 1992 om angivelse av husholdningsapparaters energi- og ressursforbruk ved hjelp av merking og standardiserte vareopplysninger⁽¹⁾, særleg artikkel 9, og

ut frå desse synsmåtanane:

Kommisjonsdirektiv 97/17/EF⁽²⁾ inneheld gjennomføringsreglar for direktiv 92/75/EØF med omsyn til energimerking av hushaldsoppvaskmaskiner.

Utarbeidinga og vedtakinga av målemetodar (EN 50242) er vortne seinka. Etersom det ikkje ligg føre ein harmonisert målestandard, er det uråd for leverandørane å stette dei pliktene som dei har i medhald av direktiv 97/17/EF. Gjennomføringa av direktivet må difor utsetjast.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 10 i direktiv 92/75/EØF —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I artikkel 4 i direktiv 97/17/EF skal nr. 1 lyde:

«1. Medlemsstatane skal vedta og kunngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 28. februar 1999. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette. Dei skal nytte desse føresegnene frå 1. mars 1999.

Fram til 31. juli 1999 skal medlemsstatane likevel tillate

— marknadsføring, kommersiell utnytting og/eller utstilling av produkt og

— utdeling av trykksaker nemnde i artikkel 2 nr. 4

som ikkje er i samsvar med føresegnene i dette direktivet.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.»

Artikkel 2

Dette direktivet tek til å gjelde tredje dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Artikkel 3

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 26. februar 1999.

For Kommisjonen

Christos PAPOUTSIS

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 56, 4.3.1999, s. 46, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 29/1999 av 26. mars 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

⁽¹⁾ TEF L 297 av 13.10.1992, s. 16.

⁽²⁾ TEF L 118 av 7.5.1997, s. 1.